



Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS
v/ Pål-Jøran Carlsen
5907 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/956 - 14/15399

Saksbehandlar:
Bjarte Buanes
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:
10.10.2014

Godkjenning - søknad om løyve til terrenginngrep og oppføring av mur på gbnr. 24/126 i Meland kommune

Administrativt vedtak. Saknr: 282/2014

Saksutgreiing

Omsøkt tiltak:

Det vert vist til søknad m/ vedlegg journalført 11.7.2014 om løyve til terrenginngrep og oppføring av forstøttingsmur på gbnr. 24/126 i Meland kommune, jf. Plan- og bygningsloven (pbl.) §§ 20-1 bokstav a og k.

Gjennom brev m/ vedlegg frå ansvarleg søkjar journalført 3.9.2014 vart søknaden komplett og klar for handsaming, jf. pbl. §§ 21-2 og 21-7.

Det vert elles vist til referat frå førehandskonferanse dagsett 3.4.2014.

Planstatus:

Gbnr. 24/126 er i Reguleringsplan for Langeland avsett til bustadar med tilhøyrande anlegg innanfor byggeområde B5, jf. arealplanID 1256 2003 1126. Det omsøkte tiltaket er i samsvar med dette arealformålet og vert elles vurdert til å stette dei krav som er fastsett for tiltaket gjennom planføresegnene, jf. vurderinga nedanfor.

Nabovarsling:

Søknaden om byggjeløyve vart nabovarsla i perioden 27.5. – 17.6.2014, og alle varsla partar har samtykt til tiltaket. Tiltaket vert vurdert som tilstrekkeleg varsla, jf. pbl. § 21-3.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vurdering

Plassering, utforming, høgde og avstand til nabogrenser:

Planering av byggjegrund og oppføring av forstøttingsmur skal skje i samsvar med vedlagte situasjonskart og terrengprofilar motteke høvesvis 11.7. og 3.9.2014 og med dei opplysningar om tiltaket som går fram av støtteskriva frå ansvarleg søkjar av 9.7. og 3.9.2014.

Tiltaket vert med dette vurdert til å stette krava til utforming, funksjon, utsjånad, plassering, høgde og avstand frå nabogrenser i høvesvis pbl. §§ 29-1 – 29-4 og reguleringsføresegnene. Kommuneadministrasjonen gjer likevel for god ordens skuld merksam på følgjande planføresegner om terrenghandsaming og oppføring av murar i planområdet, jf. § 3.3:

«Terrengarrondering skal gjerast på ein måte som ivaretek området sin topografiske karakter.

Forstøttingsmurar skal framstå som natursteinsmurar i størst mogleg grad.»

På bakgrunn av opplysningane i søknaden legg administrasjonen dertil til grunn at den omsøkte forstøttingsmuren vert oppført som tørrmur i naturstein.

Særskilt godkjenning av utforming og plassering av den planlagde bustaden vil skje i samband med føreståande søknad om sjølve bustadoppføringa.

Ansvarsrettar:

I brev til ansvarlig søkjar av 27.8.d.å. spurte administrasjonen om ytterlegare opplysningar og dokumentasjon om høvesvis omfang av ansvarsrettar og om den nærmare utforminga av tiltaket. I svarbrev dagsett 9.7. s.å. har ansvarleg søkjar på ein grundig og oversiktleg måte gjort reie for detaljane rundt prosjektering av forstøttingsmuren, korleis dette arbeidet vert utført, kva oppgåve som ligg på dei ulike føretaka og kva kompetanse føretaka har i høve til funksjonane og oppgåvene dei har søkt om ansvarsrettar for.

Ansvarsrettar vert på denne bakgrunn godkjent som omsøkt:

Føretak	Godkjenningssområde for funksjon og ansvar
Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS Org.nr. 911 678 403 Sentral godkjenning	SØK (tkl. 1) PRO planering av byggjegrund og oppføring av forstøttingsmur (tkl. 1)
Isdalstø Anleggsservice AS Org.nr. 978 654 363 Lokal godkjenning	UTF planering av byggjegrund og oppføring av forstøttingsmur (tkl. 1)

Vedtak

«Meland kommune gir i medhald av Plan- og bygningsloven (pbl.) § 20-1 bokstav a og k løyve til planering av byggjegrund og oppføring av forstøttingsmur på gbnr. 24/126 i samsvar med søknad dagsett 11.7.2014 og tilleggsopplysningar i brev frå SØK av 3.9. s.å.

Om krava til plassering og utføring av tiltaket vert det vist til vurderinga over og vedlagte situasjonskart og terrengprofilar motteke høvesvis 11.7. og 3.9.2014. Tiltaket skal elles utførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl.

Ansvarsrettar vert godkjent som omsøkt, jf. vurderinga over, jf. søknadar motteke 11.7.2014.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at byggjeløyve vart gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf. pbl. § 21-9.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf. vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Melding om enkeltvedtak og om rett til å klage over forvaltningsvedtak

Situasjonskart

Terrengprofil 1 og 2

Terrengprofil 3

Kopi til:

Kristine og Bård Magnus Dale

Torvvegen 23B

5918

FREKHAUG

